

## **Årsmelding Ski- og friidrettsgruppa HIL 2024**

Styret i Ski- og friidrettsgruppa er leia av Jofrid Hia, og ho har med seg Mari Madland, Maria M. Sandvik, Anna Lena Kleppa, Camilla Flem og Ola Mjølhus i styret. Gruppa har hatt møte om lag fire-fem gonger i året, i tillegg kommuniserer styret via Messenger etter behov.

Skigruppa består av om lag 20 aktive medlemmer frå 1.-10. klasse som stiller på rulleskitrening/skitrening. To eldre ungdommar i HIL går på Hovden skigymnas, Karoline Kvalvåg Hetlelid på langrennslinja og Endre Frønsdal på friskilinja. Ein juniorutøvar, Kaja Kvalvåg Hetlelid, studerer på Lillehammer og satsar aktivt på langrenn dette året.

Omlag halvparten av medlemmene konkurrerer med jamne mellomrom, både på rulleski og på ski om vinteren. Me har treningar to gonger i veka gjennom store delar av året.

-Tysdagar/onsdag har me hatt fast intervalløkt kl.18.00. Ofte bakkeintervallar, eller intervallar på rulleski.

- Fredagar frå kl. 17.00-18.00 har me rulleskitrening på Hjelmeland heile året, og skitrening dersom det er snø på Bjødnabu om vinteren.

Stian Hetlelid er med som fast trenar på tysdag - og fredagsøktene, og har ansvaret for intervalltreninga tysdagar. Torborg Kleppa, Erlend Widerøe og Jofrid Hia er i tillegg med på fredagane, slik at me er fire trenarar til å følge opp barna og ungdommane som kjem på trening.

### **Aktivitet**

I 2024 har ski-og trimgruppa gjennomført mange kjekke treningar, samlingar og aktivitetar.

Innan trim -og friidrett har det blitt arrangert barnetrim for barn under skulealder kvar veke gjennom skuleåret på Hjelmeland. Lisa Sjursen Hauge har hatt hovudansvaret på Hjelmeland. I Årdal har Malin Mæhle hatt ansvaret for barnetrimmen, og på Fister har Dyre Flatø Nessa hatt ansvaret. Mange barn har leika og fått mykje bevegelsesglede gjennom dette tilbudet.

I januar 2024 hadde me Skisamling på Gullingen med skigruppa. 25 stk overnatta på leirskulen. Me hadde skitrening, felles middag og sosialt etterpå, skihopp i nysnøen laurdag etter frukost og avslutta samlinga med deltaking i Suldalsrennet. Veldig kjekt.

Hjelmeland IL hadde ansvaret for å arrangere to av dei fire renna på Skikarusellen saman med Suldal i 2024. Det gjekk fint. Bra samarbeid med naboklubben.

Skiløparar frå Hjelmeland har hevda seg godt både lokalt, regionalt og nasjonalt. I 2024 hadde me tre utøvarar i ungdomsskulealder som konkurrerte aktivt både lokalt/regionalt og nasjonalt i t.d. Hovedlandsrennet, i tillegg til tre på vidaregåande skule som har konkurrert og framleis konkurrerer både i NC junior rundt omkring i landet og i meir lokale/regionale renn. Dei har alle vist flotte resultat og har trent målretta og seriøst i sine greiner. Malin Flem i j15-klassen blei også invitert til å delta på Agder og Rogaland sitt førstelag i Kong Haralds ungdomsstafett i Holmenkollen i mars, etter sterke resultat i Hovedlandsrennet og andre skirenn gjennom sesongen.

I mai arrangerte me Fisterløpet. Det var ein suksess, med over 100 deltakarar i alle aldrar. Me inviterte også til ein friidrettskveld i vår, med uformelle konkurransar i 60-meter og lengde. Stort oppmøte her i alle aldrar, og arrangementet var gratis. Ski- og friidrettsgruppa håpar at fleire vil drive med friidrett i åra som kjem. Nokre få barn/ungdommar frå klubben har delteke i friidrettsstevner og løp regionalt og nasjonalt gjennom det siste året. Fleire seniorløparar i HIL har delteke i lengre mosjonsløp, til dømes i halvmaraton.

I november hadde Hjelmeland IL ansvaret for sonesamling for langrennsklubbane i området. Kjekk, aktiv og sosial dag for dei som deltok. Det var trening både på rulleski og på barmark. Omlag 20 deltakarar møtte, dei fleste frå vår klubb. Viktig å ha slike møtepunkt for å bli kjent med kvarandre og samarbeide på tvers av klubbane.

Same månad fekk me besøk frå skikretsen av skiklubbutviklar Hennig Wiig på rulleskitrening, der det blei gjennomført kurs i bruk av dei nye skileik-apparatene som klubben har fått frå Skiforbundet. God stemning og aktivitet, og kjekke øvingar.

Det kom ikkje snø på Bjødnabu før jul 2024, men me fekk arrangert eit lokalt renn der nå tidleg i januar som ein del av Telenorkarusellen. Meir enn 50 barn deltok. Dette er veldig positivt knytt til å få med fleire barn og unge på ski.

Alt i alt har me hatt ein god sesong, der talet på deltakarar på treningane er litt fleire enn i fjor. Det er me glade for. Me er ennå inne i ei rekrutteringsfase, men har fått fleire nye i år også som har starta på skitrening. Mange møter opp og har det kjekt på trening. Me vil jobbe vidare med å halde på desse, både dei yngste og dei i mellomgruppa. Fleire førsteklassingar har starta i haust, det er kjekt. Varierte aktivitetar med fokus på lek og nivådeling er viktig her. Me låner ut rulleski og skisko til dei som treng det. Til slutt vil me samarbeide vidare med skikretsen om å halde på dei eldste utøvarane, og invitere til treningssamlingar og opplegg på tvers av klubbane for dei det gjeld.